

Bjørnafjorden kommune, 17.04.20

Informasjon til deg med barn i barnehage

Saman gjer vi det trygt å vere i barnehagen

Noreg har klart å redusere smittespreinga av koronavirus gjennom ein felles dugnad.

Når barnehagane no opnar att, er det framleis behov for felles innsats. Foreldre, barn og tilsette kan saman bidra til ei trygg og kontrollert gjenopning av barnehagen.

Barnehagane innfører ei rekke smitteverntiltak for å redusere risikoen for smittespreiing.

Foreldre og barn bidrar ved å følgje råda frå helsemyndigkeitene.

Mange barn og vaksne er glade for at barnehagane nå skal opne igjen. Men nokre kan også vere bekymra for smitte. Vi kjenner oss gjerne trygge for smitte i eigen heim. No utvidar vi heimesona og lagar ei trygg nærmiljøsone for barn.

Helsemyndigkeitene sine råd

Helsemyndigkeitene vurderer at vi no er i ein ny fase i koronapandemien, og at det er trygt å opne barnehagar igjen. Både nasjonale og lokale helsemyndigheter tilrår gjenopning. Dette gjer dei fordi fleire store studiar viser at få barn blir alvorleg sjuke av det nye koronaviruset, og at barn i mindre grad bringer smitten vidare til andre.

Det har ikkje vore større utbrot av smitte blant barn i land som har halde barnehagar og skular opne. Barn har ofte milde symptom, og då er det mindre risiko for å smitte andre. Basert på kunnskapen vi har no, veit vi at enkelte barn kan bli smitta. Men med nødvendige smitteverntiltak forventar vi at smittespreinga vil bli avgrensa.

Dette må du gjere

Hald barnet heime ved teikn til sjukdom!

Dette er det viktigaste smitteverntiltaket for å unngå smitte i barnehagen. Sjølv ved milde luftvegssymptom og sjukdomskjensle skal barn og tilsette halde seg heime frå barnehagen. Symptom på luftvegsinfeksjon kan vere nyoppstått feber, hoste, tungpust, hovudpine, slappheit og nysing/rennande nose.

Koronavirus gir sjukdommen covid-19, og symptomata på denne sjukdommen kan vere milde og vanskelege å skilje frå andre luftvegsinfeksjonar hos barn. I startfasen av sjukdommen er vanlege symptom halsvondt, forkjøling og lett hoste, i tillegg til sjukdomskjensle, hovudpine og muskelsmerter. Magesmerter kan også førekommme.

Barn som ikkje har fått påvist covid-19, skal haldast heime i 1 døgn etter at symptomata er borte. Ved påvist smitte, skal barn haldast heime i 7 døgn etter at dei er symptomfrie.

Andre viktige reglar knytt til sjukdommen:

- Dersom tilsette i barnehagen vurderer at barnet viser teikn til sjukdom, må føresette hente barnet så raskt det lar seg gjøre.
- Dersom andre i husstanden har symptom på luftvegsinfeksjon, kan barnet møte i barnehagen som normalt. Føresette som sjølv har symptom på luftvegsinfeksjon, skal ikkje møte i barnehagen saman med barna. Dei må la andre vaksne levere og hente barna.

- Dersom nokon i husstanden har fått påvist covid-19, skal alle nærbondar haldast i karantene. Ingen personar som sjølv er i karantene, kan møte i barnehagen – dette gjeld også for barn.
- Barn og tilsette med typiske symptom på pollenallergi kan møte i barnehagen. Også friske barn som til vanleg kan ha rennande nase utan andre symptom på luftvegsinfeksjon, kan møte i barnehagen.

Førebu barnet ditt på hygienetiltaka i barnehagen

Dagane i barnehagen blir annleis både for barna og dei vaksne som jobbar der. Personalaet i barnehagen skal framleis ta i vare barnet sitt behov for kontakt og omsorg, samstundes som dei gjennomfører nødvendige smitteverntiltak.

Du kan hjelpe barnet ditt ved å førebu det på dei nye rutinane i barnehagen:

- Det er nødvendig med mykje handvask i tida framover! Foreldre må passe på at barnet vaskar hendene når de drar frå heimen, og med ein gang de kjem heim frå barnehagen. I barnehagen blir det handvask når barnet kjem om morgonen, etter hosting, etter næsepussing, etter toalettbesøk eller bieieskift, etter soving, før og etter måltider, etter at barnet kjem inn frå uteaktivitet og dersom hendene er skitne.
- Koronaviruset smitter i hovudsak via dråpe- og kontaktsmitte. Viss barnet ditt er gammalt nok, kan du forsøke å lære det god hoste- og nysehygiene. Det viktigaste er at barnet lærer seg å ikkje hoste eller nyse mot andre. Dei eldste barna kan også oppfordrast til å unngå å ta seg til ansiktet.
- Fleire aktivitetar vil føregå ute, og barnet vil tilhøyre ei litra gruppe barn som skal vere saman ute og inne. Gruppa blir følgt opp av faste tilsette. Dette er nødvendige tiltak sidan barnehagebarn har vanskeleg for å regulere avstand til andre. Ved å avgrense til nærbondar, kan barn og tilsette omgå kvarande normalt, på same måte som i ein familiesituasjon.
Slik tar dei tilsette vare på barna sine behov for nærliek og omsorg, samstundes som vi avgrensar mogelegheit for smittespreiing. Barnet ditt vil ikkje alltid kunne leike med den han eller ho ønskjer, men barnehagen kan vurdere å endre samansetjinga i gruppene kvar veke. Det er ein fordel at barna ikkje har omgang med mange andre barn på fritida, og at leiken skjer ute.
- Føresette skal helst levere og hente barnet ved inngangen til barnehagen. Dersom der er særskilde behov for at du er med barnet ditt inn i barnehagen, kan du ta det opp med styrar. Barna bør ha uteklede på når dei møter i barnehagen.
- Barn kan ikkje ta med seg leiker frå heime, og leiker skal heller ikkje delast av fleire grupper. Ved behov for kosedyr eller liknande, avtal dette med tilsette i barnehagen.

Fleire tiltak i barnehagen for å redusere smitte

Forsterka reinhald i barnehagen

Barnehagane vil ha ekstra reinhald på område som mange tar på eller brukar i løpet av ein dag. Dette gjeld mellom anna toalett, vaskar, dørhandtak, trappegelender, stolar, bordflater, leiker, sports- og datautstyr. Leiker som ikkje kan vaskast på 60 grader blir fjerna. Talet på leiker vil bli redusert, slik at reinhald er gjennomførbart.

Endringar i organisering av tilbodet

Du får informasjon direkte frå barnehagen om korleis dette blir for deg og ditt barn.

Tett oppfølging ved eventuell smittespreiing


Dersom barnehagen får utfordringar med smittespreiing, vil de få råd om vidare oppfølging av smittevernonoverlegen i Bjørnafjorden kommune. Smittevernonoverlegen vil vurdere stenging av heile eller delar av barnehagen dersom det oppstår smitte.

Særskilte reglar for risikogruppene

Dei aller fleste barn med kroniske sjukdommar bør gå i barnehage. Det kan gjerast individuelle vurderingar for barn som er organtransplanterte, beinmargtransplanterte, kreftsjuke i behandling og barn som har alvorleg hjarte- og lungesjukdom, medfødt sjukdom i immunforsvaret og kronisk sjuke barn på immundempande medisin.

Dersom føresette sjølve er i risikogruppa, kan de kontakte lege for å vurdere om det er behov for tilrettelagt tilbod for barnet for å redusere smitterisiko i heimen. Saman med barnehagen vil vi avgjere kva type tilrettelegging som er mogeleg.

Med vennleg helsing



Bjørn Petter Johannessen

Smittevernonoverlege

Bjørnafjorden kommune

Har du spørsmål?

- For informasjon om smitteverntiltak, ring Bjørnafjorden kommune sin smitteverntelefon på 56 57 57 57.
- Har du spørsmål om praktiske ting ved oppstart i barnehagen, kontakt barnehagen din.
- Har du spørsmål om barnet si helse eller di eiga helse, kontakt fastlegen din.
- Du finn meir informasjon om koronavirus på www.fhi.no